

VARHAUGBUEN

SOLVEIG BERGERSEN
SIDE 7

MOTOCROSS
SIDE 22

VARHAUG BONDELAG 100+5
SIDE 24



HÅ KARATEKLUBB
SIDE 16



Sjur Håland

VARHAUG BONDELAG 100/105 ÅR

Det har vore litt av ei reise frå 1920 og fram til i dag:

- Frå parafin til elektrisitet.
- Frå handkjerre til hest til traktor til med sensorar, skjermar og kamera.
- Frå gardsokse til embryo
- Frå handmjølking til mjølkebot
- Frå hesje og høystae og treskeverk til plansilo og datastyrt førkjøkken
- Frå Sunlight-såpe, skurebrett og naglesprett til robotstøvsugar og tørketrommel
- Frå hestemøkk og utedo til biogass og solceller
- Frå tønner med saltsprengd sild og flatbrød til nachos, taco og take away
- Frå salmebok og sokneprest til spotify og influensarar
- Frå telefonsentral og telegraf til Snap, KI, Tic Toc og Instagram
- Frå humlesurr og rød rips i bærhagen - til basseng og sjampanjebobler på hytta i Mandal
- Frå friske sprell i halmadrass til sikkert like friske sprell på automatstyrte kontinentalmadrassar i kunstfiber og silikon.

Dramatisk start

Varhaug Bondelag kom til verda i ei dramatisk tid.

For åra etter første verdskrigen, var mellom mykje anna prega av regjeringa Knutsen sin feilslegne økonomiske politikk.

Pengeverdien smuldra mellom dei moldtrevla fingrane hjå bønder og folk elles på Varhaug.

Og mens pengeverdien smogna inn, auka verdien på gjelda blant folk som knapt nok hadde kroner, eller rettare sagt øre, til salt i grauten frå før.

I tillegg fekk me den svarte oktober-tysdagen på Wall Street for temmeleg nøyaktig 96 år sidan - i 1929 - som fekk konsekvensar for verdsøkonomien

i årevis framover.

Nedgangstidene førte til at det var nærast umogleg å greia renter og avdrag for alle dei som hadde bygt og satsa. Konkursspøkelset hang som ei svart marerittskodde over bønder og kausjonistar på Varhaug i 1920- og 30-åra. Det var ikkje få gardar som skifta eigarar.

Konkursskodde

Varhaug Bondelag har vore med heile vegen sidan 1920. Styret har samla seg i små gisne stover for å leita etter løysingar på alle tenkelege og utenkelege flokar. Tallause møte er arrangert og tusenvis av koppar med kaffi og rosinskiver med heimelaga stikkelsbærsylt er servert i bondelagsregi på Varhaug gjennom åra.

Bondelaget sine medlemmar har formidla inspirasjon og kompetanse i praktisk landbruk og fornuftig landbrukspolitikk - lenge før ordet kompetanse kom i bruk.

Engasjementet og viljen til innsikt, og til å finna løysingar er og har vore imponerende stor.

Dei som tenkjer at eg nå skrøyter, kan ta seg ein tur inn i protokollane og sjå sjølv.

Då får de også sjå kor fin handskrift folk hadde for 50-100 år sidan - og då får de heilt sikkert sjå handskrifta til folk de er i slekt med.

Kolsvart tysdag

I desse urolege tidene er det verdt å nemna at Bondelaget si historie også handlar om ein annan kolsvart tysdag. Det var dagen då svermar av hakekorsmerka fly kom i brølande sveip sørfrå i retning Sola.

Flya strauk med minimal klaring over lokalprodusert pannestein på låge jærhus og små løer på Varhaug. Det var tysdag morgon 9. april 1940.

Luftwaffe sine pilotar flaug så lågt at du kunne få augekontakt med dei. Og gjorde du det, såg du at dei ikkje hadde godt i sinne.

Eg skal ikkje ein gong prøva å mala fram stemninga og fortvinga som følgde dei komande fem åra. Men me har grunn til å vera stolte over styret i Varhaug Bondelag.

Dei nekta kontant å melda seg inn i Quisling sitt nazifiserte Norges Bondesamband.

I 1941 la styret i protest ned laget. Dei tømde kassabehaldninga og brukte pengane til ein potetsorterar og ei sleperive som lagsmedlemmane kunne låna.

Hundre år etter at Varhaug Bondelag starta på den lange reisa frå jernskodde kjerrehjul og hardt brunvatn mot dagens mjølkebotfjøs og fiberkabelnett, høyrer nokre linjer om 1950-åra med.

Hallesby og Prøysen

Det var tiåret då den uskulde nasjonen Norge sine to ytterpunkt var entertaineren, Alf Prøysen og indremisjonshovdingen, Ole Hallesby.

Det var då dei første kjøleskapa kom til bygda, og tiåret då dei hjulbeinte traktorane for alvor kom putrande inn på tuna.

Bøndene strevde med å styra dei nye hestekreftene. Dei sleit i ratta og ropte ptroo! Enkelte greidde ikkje å stoppa motorfarkostane og small inn i husvegger og steingardar.

I ei 100-års oppsummering burde eg snakka om landsfader Gerhardsen og 1960-talet. Om EF kampen i 1971 og det etter kvart berømte opptrapingsvedtaket i 1975.

Eit vedtak som fekk Olav R., Holger Kjølvik, Sverre Ånestad, Kjellaug Kvía, Liv Hobberstad og mange andre til å bestilla betongelement og raude aluminiumsplater hjå Hå Bygg.

Øyangen-støkken

Det var ikkje berre bøndene som fekk eit løft. Rentnivået på 1980-talet følgde NASA sine romferjer i prosjektilfart gjennom atmosfæren.

På 1980-talet fekk me i tillegg landbruksminister Gunhild Øyangen frå Levanger. Med blankofullmakt frå Mor Norge, Gro Harlem Brundtland, sette ho støkken i stødige bondetillitsvalde.

Torgny på Ånestad, Eirik i Bakken og Geir i Hållå og alle dei andre vart meir enn urolege då ho byrja å marknadstilpassa det norske landbruket.

For å gjera oss spiselege for landa me ville handla fisk, aluminium og olje med.

Når eg seier WTO, GATT og EFTA, så er det ein del bondelagsveteranar som nikkar attkjennande.

Det store fakkeltog

Eitt av mine sterkaste minne frå då eg var tillitsvald i Varhaug Bondelag var då me reiste i eit superlangt ekstratog til den store Nei til EU-demonstrasjonen i Oslo rett før avstemminga i 1994.

Det er ikkje sikkert at det er slik. Men me som var med den dagen følte framtida vår og alt me stod for, stod på spel då nasjonen skulle seia ja eller nei til medlemskap i den europeiske unionen.

Det var nullføre, sludd og skodd på Yongstorget.

Men det var ingen som fraus.

Lukta av svidde faklar og fuktige klede i folkehavet sit framleis i nasen min 31 år etter. Den dagen fekk eg kjenna på korleis det er å høyra til i eit stort bondefellesskap.

Strukturendringane i Varhaug-landbruket har vore enorme dei siste 30 åra. Frå me frå klokka seks kvar morgon kunne høyra den vidunderlege symfonien frå mjølkemaskinane frå kvart eit minste fjøs over heile bygda.

Til i dag, kor lyset er sløkt og mjølkerøyra er demonterte i svært mange bygningar. Mens flotte låge og lange driftsbygningar har reist seg som paddehattar på Rinnå og Ægrå og Stølane og Jorundkjøl og Bratland.

Eg vil senda varme tankar til dei som har satsa på eit liv i bondeyrket dei siste 30 åra, og til dei som har funne seg eit anna utkome i same perioden.

I kveld vil eg heidra kvar og ein. Kona og mann, som har vore med på reisa saman med Varhaug Bondelag.

Like familiehistorier

Eg fortel nå litt om mine. Og medan eg gjer det, kan du sjå føre deg dine. For familiehistoriene våre er temmeleg like.

«Du er ute og rikkar», sa folk til kvarandre når dei møttest før i verda på Varhaug. Kvifor dei sa det, er sjølv sagt. Dei rikka når dei gjekk. Og det har sine grunnar.

Bestemor, Rakel Håland, døydd i 1971, 75 år gammal. Då var eg ni år. Ho budde i folkehuset på garden. Ei fantastisk kvinne som hadde god tid til å lesa for meg. Eg hugsar ikkje lenger stemmen hennar. Men eg ser ho føre meg når ho kom gåande opp til huset vårt.

Ho hadde grå dult i nakken. Blomstrete kjole med kvardagsforklede på. Bestemor vagga eller rikka når ho gjekk.

Det var ikkje noko oppsiktsvekkjande ved det. Det var verken komisk eller tabu.

Det var resultatet av barnefødsler, til tider næringsfattig kost og eit liv i slit.

Eit liv før smertelindring og helsesentera kom, og før nokon hadde begynt å tenkja på å erstatta utslitne kne, hofter eller aksler med titan-protesar.

Bestemor hadde bureist i snaue Tjemslandsmarka i 1920 saman med bestefar, som heitte Sven.

Dei to fekk ti levandefødde barn. Eitt tvillingpar var fulborne, men døydde før fødselen.

Den store kjærleiken

Bestefar hadde ein farbror. Ivar Håland budde saman med si Thea i Brooklyn, New York.

Dei to nygifte kunne heller reist dit i 1920. Det var ikkje aktuelt. Det var bondelivet på Varhaug som freista.

Ein hest, ei spade, ei steinrik lyngmark, gratis utsikt til evigheita og ein mildt rusande skrå under leppa.

Spove og vipa på marka og ei jublande lerke opp under jærhimmelen. To unge med varme kjensler, sterke armar og stort mot.

Det var alt. Og det synt seg å vera nok. I ei strofe frå Garborg og Gud signe Norges land heiter det:

I Kjærleik varm og mild
me legg vaar Vilje til,
daa veks det fram.

Kanskje handlar bondeyrket om det ordet som generasjonane før oss brukte lite, men som låg i all deira gjerning.

Kjærleik. Kjærleik til jorda og garden og odelen og kjærasten. Kjærleiken til mor og far eller dei som måtte ha lagt veitene der du haustar graset ditt i dag.

Dovrefjell-bonden

Noko av det som grip meg mest, er dei gongene eg treffer på ein mann som ser ut som prototypen på min barndoms Varhaug-bonde.

Då var det ein mann. I dag er det like gjerne ei kvinne. Heldigvis. Men denne mannen min minner



sterkt om ein skeiv og mosegrodd grå gjerdepåle i ei utmark på Varhaug. Full av fliser og spikarhol.

Ein påle utsett for kviger med kløe, kaldt regn, klake, rennedrev og sterk motvind i ei årrekkje.

Du kan omtrent sjå tvers gjennom han der han står i ein mørk blå kjeledress med svarte Viking-støvlar og sveiar i nordavinden.

Varhaug-bonden luktar silo og after shave. Han er skeiv som ei vindpiska raudn og kronisk halt.

Andletet liknar på eit satellittbilete over Dovrefjell.

Kjem du nærme nok, ser du at dei blå elvene i satelittbiletet er små sprengde blodkar.

Blodkar som vitnar om tiår med regn på tvers og heimerulla sigarettar av merket Tidemanns Gul med grovt snitt.

I andleta til bondeveteranane har slit og glede smelta saman i førene.

Varhaug Bondelag har vore ein samlande del av denne strevsame, men gilde og meningsfylte bondekvardagen i 105 år.

Me har grunn til å vera stolte av arven vår - og me har mykje å takka for.

Gratulerer, Varhaug Bondelag - og takk!



HAUSTSTORM OG FLAUM

Etter alt det gode arbeidet som vart gjort i sommar med flaum-sikring i og langs med Varhaugåna skulle me tru at me var godt rusta. Det fekk si utfordring med storm og styrtregn natt til 4. oktober. Og utfordringa vart for stor. Det heldt ikkje, men fløynde over fleire plasser og øydela store parti av gangvegen langs åna både på vestsida og austsida av Ånestadvegen. Ja, det såg skikkeleg ruske ut. Nå er det reparert og alt såg ut til å vera godt. Men så gjekk eg tur på laurdag og oppdaga eit hol som stod fullt av vatn på austsida av Dysjanlandsvegen, rett ved sida av sykkelbanen. Eg trur det må ha blitt gløymt, rett og slett. Her er eit stykke av gangvegen som ikkje er blitt oppgradert. Det resulterer i at folk går på sida og i graset, og så verte det meir sorpe når det regnar. Vonar at dette blir fiksa om ikkje alt for lenge. Og så får me håpe at det blir lenge til me får slik ein flaum att.

Brit Obrestad



FRÅ REDAKSJONEN

Så har eg nok ein gong «laga det siste bladet for i år». Det er eit gildt arbeid, som eg koser meg med. Men eg hadde aldri klart dette utan alle de som kjem med gilde innlegg.

Å få stoff til bladet, har denne gongen vore eit luksusproblem. Akkurat nå lure eg på om me får plass til alt på 40 sider.

Sidan dette er siste nummeret 2025, vil eg berre takka for alt det gilde de har sendt meg gjennom året. Og så fort me er over i eit nytt år, er det berre å tenka på neste blad. Ynskjer dykk alle ei fin advent tid, og så drøsest me igjen på nyåret.



SpareBank
SØR-NORGE



S I B Y G G
NORRØN GRUPPEN

USA TUR OKTOBER 2025

I forbindelse med min 60 års dag fekk eg eg tidenes beste gave av kona mi Siv. Tur til Memphis & Nashville...Hadde egentlig håpet på en tur til Liverpool. men denne turen viste seg å bli langt kjekkere.

Vi var først 2 dager i Memphis der vil låg på ett hotell like ved Graceland. Det var her Elvis innlosjerte familie og venner og musikere, når dei kom til byen. Besøket hos Elvis/Graceland svarte til forventningene og vel så det. Var kjekt å ta seg en runde i huset hans, og det fantastiske museet der alle hans bragder, kjøretøy, fly etc..ble vist frem på beste måte. Besøket var virkelig verdt pengene. Vi hadde ellers en utrolig kjekk busstur med syngende guide som viste frem alle dei viktigaste stedene i byen. Beale street i Mamphis besøkte vi selvfølgelig om kvelden, her har dei fleste store musikere optrådt en eller flere ganger. Legendariske Sun Studio ligger også i byen der alle dei store artistene på 50-60 og 70 tallet spilte inn sine plater.

Etter Memphis bar det videre til Nashville, noe som overgikk mine villeste fantasier. Dette er virkelig by som aldri sover..(det som egentlig sies om New York) Her var det livemusikk fra kl 10.00 om morgenen til 03.00 om natten hver eneste dag hele uken. Vi var



også heldig og fikk med oss konsert på Grand Old Opry med verdenskjente artister, angående 100 års jubileet. Vi fekk også besøket hotellet som ligger like ved med sine 3000 rom. Det er det flotteste hotellet eg har sett, med elv som rant i den botaniske hagen som låg midt inni bygningsmassen. Her kunne man ta båt i hotellområder, og flere serveringsteder var statistikk plassert rundt omkring. Nashville har mangt å by på. Jhonny Cash museet ligger her, og Country Music Hall of Fame bla.

Nashville var ellers en utrolig flott og rein by. Nye og gamle bygninger gjekk hand i hand, og folkene var utrolig vennlige. Klimaet i oktober og november er ellrs fantastisk, med ca 25 grader på dagtid. En mengde guidete turer tilbys, vi fekk ikkje tid til å være med på en brøkdel av dei.

Har du ikkje vært i junaiten før anbefaler eg en tur ned til dett området. Kort vei til New Orleans, Texas og Flordia fra Nashville som ligger strategisk plassert i sørstatene. Det blir nok tur neste år også, spør Arvid Mæland om det...

Med positiv hilsen Olav Madland



Intervju

SOLVEIG BERGERSEN

Vi som kjenner Liv Hobbestad aner den hårfine balansen mellom spørsmål og beskjed. Jeg selv kan kjenne igjen en ordre når jeg ser en. «Du må skrive noe om det Solveig gjorde i sommer! - Iverksett!...tre av uten videre seremoni». Ja det siste sa jo hun ikke, men jeg er sikker på hun tenkte det.

Så tre måneder senere sitter jeg på Drøsen på Nærbø med Solveig Bergersen (29). Hun er som snarlig hjemme fra Stockholm for en musikalsk prøve til julekonsert på Ogn Scene - mer om den senere.

Solveig er en det er stas å snakke med. Man skal ikke vært rundt henne lenge før en merker engasjement og drivkraften: Det å berøre med kunst. Så der sitter vi og snakker om Puccini, likheten mellom metall og opera, pappas Beatles-nerding, bøker, kunst og de gode dagene hvor publikum blir løftet av sangen. Og så snakker vi litt om de vonde dagene: Skatteregler mellom land for free-lancere og alle avslag man får på audition. Disse dagene hvor en lur på hva en driver med. Men også disse dagene går forbi sier Solveig. «For jeg må bare drive med dette. Ja, det kan føles egoistisk å drive med det, men det som er så fint med det er at de som jeg synger eller spiller for, oppfatter det forskjellig. Musikken blir til i øyeblikket mellom utøver og lytter. Når jeg ser at jeg kan berøre på ulike måter, kjenner jeg på takknemlighet.»

Livet som freelancer er uforutsigbart, men noen ganger åpner det seg muligheter sånn helt plutselig i livet. For eksempel som når noen nevner et navn til de rette folk. Solveig var et slikt navn som ble nevnt. Og plutselig står hun på audition - for alle mors spel: «Spelet om Heilag Olav», eller bedre kjent som «Stiklestadspelet».

La oss gå litt tilbake i tid. Det er i slutten av mai 2025. Hun som skulle spille rollen som Gudrun blir forhindret fra å delta og det må finnes en erstatter. Prøveperioden begynner i juli og det haster. Det er da noen sier: Solveig Bergersen bør dere sjekke ut.

Solveig er god til å lære seg tekst sier hun selv, men det var mye lære på en uke. Det at hun ikke kjente stykket fra før gjorde at hun kunne se på rollen uten forventninger til hvordan den burde eller skulle være. Og det viste seg å være en fin innfallsvinkel til rollen som Gudrun.

For å ta et frempek, så var det dette noe Trønderavisa trakk frem: «Gudrun har fått en helt ny fremtoning i Solveig Bergersens tolkning. Jenta er langt mer glad og blid, enn gal og vill. Bergersen smiler og tryller frem en ganske vanlig tenåringsjente som har bagasje som sliter på henne, enn er reinspikka krakilsk sinnssyk. Jeg liker det».

Eg har i alle år vore oppteken av kulturskolen - eller musikkskulen som det heitte då mine ungar gjekk der. Og eg tykkjer det er gildt å presentera ein tidlegare elev, som har budd på Varhaug i fleire år, i bladet. Stor takk til Ragnvald som ordna med intervjuet for meg. Liv

For Solveig fikk rollen. Det kunstneriske teamet ringte henne to timer etter hennes prøvesang og ville ha henne med. Dirigent og musikalsk leder Torodd Wiggum sier selv at han ble imponert av Solveig på auditionen. Selvsagt av hennes stemme, men også av hennes «ærlighet». Han omtaler henne som en ung kunstner med integritet og troverdighet. «Hun var helt suveren å jobbe sammen med på Stiklestad. Dyktig, ambisiøs og samtidig helt «ujålete».

Solveig sier selv det ble en kjekk måned på Stiklestad i lag med alle de medvirkende. Det å kunne jobbe i lag med profesjonelle skuespillere, det kunstneriske teamet, men også alle de frivillige som bidrar til helheten. Det gjorde inntrykk å oppleve fellesskapet og hva det gjorde med og for lokalsamfunnet sier Solveig. «I en stadig mer polarisert verden trenger vi noe som binder oss sammen. Som å spille og danse i lag. Berøre i lag. Vi kan være del av noe som er større enn oss selv».

Denne dragningen til å være del av noe større enn seg selv fikk hun smaken på i Hå kulturskule. I flere år var hun med i kulturskulen sine musikalproduksjoner hvor sang, teater og dans var del av en helhet. Senere ble det hovedrolle i kulturskulens opera Brundibar som også var på turne til Oslo Operafestival.

Etter år med studier på Norges musikkhøgskole og Opera-høgskolen i Stockholm har Solveig fått et rikt kontaktnett. Det har gitt henne mye erfaring og flere ulike oppdrag. Hun har blant annet spilt i Papagena i Mozarts Tryllefløyten i Stockholm og samt på en kritikerrost plateinnspilling. Akkurat nå er hun «understudy» til en av rollene i operaen «Prima Donna» av den kanadisk-amerikansk sangeren og låtskriveren Rufus Wainwright på Den Kongelige Opera i Stockholm. I desember synger hun en av solistpartiene i Bachs juleoratoriet i Stavanger. Men det bringer henne også hjem - til lokalsamfunnet hun og var en del av.

For nå kom vi tilbake til det vi startet med. Julekonsert på Ogn Scene. Foranledningen var en konsert hun hadde med Jæren Symfoniorkester i Ogn kyrkje fjor. «Jeg så en mann i publikum som var helt oppslukt av musikken mens jeg sang. Jeg måtte spørre pappa: hvem var han?»

- «Å, det var Hans Berge. Han med Ogn Scene».

Solveig hev seg på tastaturet og Hans Berge var ikke vanskelig å be. 30. desember blir det julekonsert med Trio Antoso. En gruppe bestående av Andreas Jara, Tormund Blikra Veia og Solveig. Igjen kommer hennes nysgjerrighet til nye musikalske uttrykk og kombinasjoner frem. Hun lover bonde eller bybuer musikk for alle ører. Ja en sprudlende musikalsk fest - akkurat slik som Solveig er.

Ragnvald Wernøe

VRAKAUKSJON PÅ NORD-VARHAUG I 1953

Ved Ove Tobias Gudmestad

Havarerte treskuter er ein stor resurs som har vorte utnytta på Jæren i hundrevis av år. Etter ein storm var det ofte at vrak vart ståande igjen i strandsteinane. Materialane var verdfulle og vart selde på vrakauksjonar på Nord-Varhaug og på Reve.

Det er mange bygningar på Jæren som har tømmer frå vrak, både til dragarar under fjosgolvet og til andre kraftige konstruksjonar. Skipstømmer er spesielt haldbart siden det ofte er av eik som veks seint. Mårr og makk tærer ikkje, og det er framleis gamle bygninar på Jæren som har konstruksjonar av skipstømmer. Båre Fotland Mølle og Garborgheimen skal ha slikt gamalt tømmer i konstruksjonen. Då eg voks opp på 50-talet, vart det ofte nemnt at det var skipstømmer i nokre løer på gardane rundt. Men eg fekk ikkje med meg vrakauksjonane.

På Nord-Varhaug danna dei på byrjinga av 1900-talet eit opphoggingslag. Vrak og gamle utrangerte kondemnerte skip vart kjøpt av opphoggingslaget om hausten og kjørde på land i strandkanten, vinterstormane tok seg av hogginga. Så kom våren og det vart auksjon. Bort mot 50 skip skal ha vorte hogde opp frå 1907 og fram til siste opphogginga i 1953.

I mars 1953 stod det fleire annonsar i Stavanger Aftenblad. Dei var rykka inn av lensmannen i Hå og melde om vrakauksjon på Nord-Varhaug fredag 13. mars kl 12 over trematerialer og brensel, for Varhaug Opphoggingslag. Me viser her nokre bilete frå denne siste vrakauksjonen på Nord-Varhaug. Bileta er frå vekebladet Nå, nr 2 i 1955*. Det var materialar frå skipet «Jørgen Klaus» som vart seld då. Skipet var bygd i Canada under krigen, men det vart ikkje sett i fart, på grunn av byggefeil. I Danmark vart det bygd om til frys skip. Det kom i brann utanfor Egersund og vart kondemnert og seldt til «Varhaug Opphugningslag».

Den 25. mars 1954 var det aksjon att. Då var det slutt på verksemda til Varhaug Opphoggingslag, det minka på med treskutene.

Vrakauksjon
vert halden på Nord-Varhaug
fredag 13. mars kl. 12 over tre-
materialer og brensel.
Lensmannen i Hå.

*Rettighetsforvaltar: Riksarkivet. Delingslisens: cc by-sa
(<http://creativecommons.org/licenses/by-sa/4.0/>). Originalbilde: digitalarkivet.no



Vraket ligg klart til auksjonen på Nord-Varhaug.
Einar Årsland (til v.) og ukjend.



Karane insipserer. Dimensjonane på spanta er store.
Ukjend, Jonas Lea, ukjend og Anton Nord-Varhaug.



Gutungane er med. Me ser ansikta til Palle Haver og Steffen Håland.



Dei har sikra seg ein god stokk, ukjende karar.



Sven (Gausland) med hammaren (og skråa i munnen) er auksjonarius.



Lappar og kaffi inne.
Rasmus Vigre, Karsten Vigre og August Skjærpe.



Kjerra vert lesst. Kart Håland frå Nøra Håland.



Kva kan me bruka dette til?
Einar Årsland og August Skjærpe.

Kjelder:

- Digitalarkivet
- Stavanger Aftenblad sitt arkiv
- Facebook-side: Jæren Strandingar og vrak, spesielt informasjon som Anders Haver har lagt inn.
- Samtale med Anders Haver i oktober 2025.

SENTRUM I VARHAUG

25. august 2020 stod det slik i Jærbladet: Slik kan nye sentrum i Varhaug verta, og det viste ei teikning med mange hus på plassen nord for Skrettingen.

Dette vart det, som alle har sett, ingen ting av.

Men så 28. mai i år kunne ein lesa denne overskrifta i Jærbladet: «Sentrumstomter skal verta bufellesskap for eldre».

Det står vidare i stykket at politikarane har gitt grønt lys til sal av tomter i Skjæpedalen på Nærbø, og den gamle handelslagstomta på Varhaug. Tomtene skal seljast til private aktørar, som skal bygga bufellesskap for eldre.

Det er heilt OK med den tomta på Nærbø, den er heilt passande til dette. Men å ta frå folk på Varhaug den fine grøne plassen - eller «torjå» og parken vår - som me nå endeleg har fått i sentrum av Varhaug, er heilt bak mål. Ingrid-tomta er ein mykje betre plass, og her kan det og verta høve til parkering i kjellaren.

Fristen for å klaga på denne planen var 14. oktober, og eg veit at mange har sendt brev til kommunen om kor gale dette er. Det var til og med ein pensjonist som sa til meg: «Eg skal og senda inn klage som pensjonist».

Eg trur ikkje administrasjonen i kommunen finn mange på Varhaug som er einige i denne planen.

Eg har tidlegare sagt i bladet, kva folk meiner om dette, og kva eg sjølv meiner. Og til meir eg tenker på det, til «galnare» vert det.

For det første, vert den «grøne lunga me har fått», og som kommunen så fint har laga til for oss, heilt øydelagt med hus der.

Og for det andre, kor skal folk parkera om huset vert sett opp der. Etter det eg har fått opplyst, går det ikkje an med parkering under huset. Men det gjer det, om huset vert sett opp på Ingrid-tomta.

Tenker at kommunen her vil prøva å få igjen nokre av dei kronene dei betalte for tomte, eller som folk kallar det: «torjå vår». Men dette beløpet vert ikkje stort når ein tenker på alle kronene som er brukt opp gjennom åra i oppgangen utanfor rådhuset. Eg treng vel ikkje her nemna meir enn den dyre steingarden, som - nærast med eit pennestrøk - vart fjerna.

Og kor mykje pengar har kommunen brukt på desse to planane som Jærbladet skreiv om i 2020 og nå i år? Konsulentarbeid er jo ikkje akkurat billig.

Men det er ikkje for seint å snu.

Vonar at dei som styrar i kommunen vel å lytta til folkeviljen, og ikkje berre fylgjer råda til administrasjonen.

PS. Er det i dag bruk for eit bufellesskap, når det er fleire ledige husvære ved Eldresenteret på Varhaug, der det og er ein gild samlingsplass?? Liv

Etter at eg skreiv dette, har eg vore med å ein underskrift-kampanje, saman med Reidar Skretting, på nettet:

«Varhaug-torget. Me vil ikkje ha noko bygging på den grøne plassen me har fått i sentrum av Varhaug. Me vil ha ein fine park der, som me nå ser starten på.»

Her fekk me over 400 svar, og hadde me vore på Spar eller Ekstra med same lista, hadde me sikkert fått like mange.

Eg har ikkje snakka med eit menneske på Varhaug, som ynskjer at det skal byggast noko på denne plassen på Varhaug nå.

Og slik planen vart presentert i Jærbladet, hadde den nok passa inn i ein by, men ikkje på Varhaug.

Liv

BAKERI/KONDITORI PÅ VARHAUG?

Naboane okka, i sør og nord, har konditori/bakeri ! Me då..... kor tid skal me få det til ?

Salgsbuer i parken


Nå er det slik at det står salgsbuer i «parken» Du som er kremmer, lei deg ei salgsbu eller to og start salg av heimabakst. Du som liker å baka, meld deg for kremmeren, som leverandør til salgsbuene. Tida er inne for småkaker. På nyåret er det tid for gjær-bakst og anna smågodt. Tenk deg dager med utever, kaffe og noe godt attåt

Dette kan være begynnelsen til noe stort. Få fart på det, det haster.

«Librekkehuset»

Nå veit me at «Lerbrekkehuset» er solgt og da håper me at kjøper bygger et bygg som kan huse et fullverdig bakeri/konditori

Rune Odland



HEIDI DUBLAND BØ
Hud- og fotterapeut

Stasjonsveien. 14,
4360 Varhaug
Mob: 41 27 66 79
Timebestilling 51 43 13 69

JG MASKIN

Jan Gunnar Undheim - Varhaugsvegen 89, 4360 Varhaug
Mobil: 958 28 410 - Fax: 51 43 08 27 - jagunnau@online.no

SERVICE • DELER
REPRASJONER

ABRØR

Sørskogvegen 8, 4364 Sirevåg

Tlf 48 50 97 80

post@abror.no

Erik Håland
Maskin AS

Ole G

BØEN

Siden 1924



Laurdag 13. desember klokka 12-17 får Varhaug besøk av **Coca-Cola sin kjende juletrailer**. Dette er første gong den ikoniske traileren tek turen til **Hå kommune**, og arrangementet finn stad ved **Spar Varhaug**.

Coca-Cola har valt ut berre eit fåtal stoppestader i Noreg for sine to juletrailerar, og Spar Varhaug er eitt av desse. Valet er basert på butikkane si omsetning av Coca-Cola-produkt og evna til å skapa engasjement lokalt.

Under besøket vert det **lokale kampanjar på Coca-Cola-produkt** på Spar Varhaug, i tillegg til **konkurransar, utlodning av premiar, lykkjehjul** og høve til å møte **sjølvaste julenissen**. Coca-Cola vil òg selja pølser og drikke til rimelege prisar, der **all inntekt går uavkorta til Røde Kors**.

Fleire **lokale aktørar** deltek på arrangementet. Her vil ein mellom anna kunna kjøpa **farse frå Skrettingen** og **ost frå Ystepikene**, like ved traileren.

Arrangørane håpar at både store og små tek turen for å oppleve ekte julestemning og vera med på å skapa **folkefest i Hå**, når juletrailereren rullar inn på Varhaug.

For oppdateringar og meir informasjon kan ein følgja arrangementet på Facebook.

Birger Kydland

VB VoldenTollefsen

W Murmester
Waldeland & Dubland



LITT OM KVA SOM RØRER SEG I HÅ HAGELAG

I morgen er det allerede november, og me går mot vinter.

Hagesesongen er på hell, og for dei som ikke allerede har gjort det nærmer det seg at skaugumer og georginer må opp for vinterla-gring. Har ei stor eske med tulipanløker som skulle vært i jorda, men pga dei høge temperaturene og fuktige jorda me har nå, får det vente til litt ut i november.

Me i hagelaget har hatt ein aktiv haust, og er i full gang med å planlegge programmet for neste år. Det er bare julemøtet den 20. november som gjenstår, her gjer me en ny vri i forhold til tidligere år. I år skal medlemmene sjølv lage sin eigen krans.

Januar starter med med åpning av frøbiblioteket på Biblioteket på Nærbø den 15. januar. Den 12. februar vert det årsmøte i Lensmannsløa, der får me besøk av Ole Geir Skjæveland som vil lære oss om beredskapshager.

Sist fredag var me så heldige å være invitert til haustfesten til Svala 4H, det er like kjekt kvart år. I år var det en kjempevariasjon i oppgavevalg. Tradisjontro delte me ut spade til den med det beste prosjektet i vår kategori, og i år gjekk spada til Stine Ånestad Vestly for prosjektet Dyrking av grønn saker og urter.

Om du har lyst å finne ut meir om det som skjer i hagelaget er det bare å følge oss på Facebook - Hå hagelag - der finn du meir info om arrangementene våre.

Alle er hjertelig velkomne på våre arrangement.

May Helen



Desse laga står bak Varhaugbuen:

VARHAUGBUEN
Varhaug bondelag,
Varhaug bygdeungdomslag,
Varhaug bygdekvinne-lag,
Svala 4H,
Varhaug Misjonshus,
Varhaug Bedriftsforening,
DNT Edru Livsstil,
Vennelaget for
Lerbrekk Skule,
Elgane Motorsykkel klubb,
Varhaug Pensjonistlag
og Vennelaget for
Lensmannsløa

Styre :

Leiar:

Glenn Skretting - bedriftforeninga

Sekretær

Per Arvid Jakobsen - Misjonshuset

Kasserar

Brit Obrestad - Lerbrekk skule

Styremedlem

Sondre Risa Ånestad - Svala 4H

Gro Ånestad Bratland -

Bygdekvinne-laget

1. vara

Tone Aanestad - Vennelaget for

Lensmannsløa

2. vara

Eirik Høyland - Hå karateklubb



KUNST & KULT PÅ LERBREKK

Tradisjonen tru, siste helg i oktober var det igjen utstilling med Kunst & Kult på Lerbrekk skule. Denne utstillinga starta i 2009, og har vore kvart år sidan med unntak av då alt var stengt av pandemien. Det var korgmakar Klara Pil (Liss Mona Wammer-Pettersen) og Viola Krans (Viola Krause Mellemstrand) som starta det heile. Viola Krans har nå namnet Lille Viol. Etter kvart har dei hatt med ulike utstillarar kvart år. Dette året var det forutan desse to: Nina Filtmaker, Keramikeren, Mary's Vev, Ullrommet, Køhlerpaviljongen og Charlotte Helgeland. Så det var noko for ein kvar smak.

Vennelaget hadde også i år ansvar for kafeen med sal av løksuppe og kaffimat. Veret synte seg frå ei god side, spesielt på laurdagen. Heilt vindstille og utan regn. Sundag begynte det å drypa litt, men alvoret tok ikkje til før dei skulle rydda vekk utstillinga.

Sjølv om alt var perfekt både med veret, utstillarar og Vennelaget, så svikta publikum av ein eller annan grunn. Vanlegvis pleier det å koma mykje folk på laurdagen. Men ikkje i år. Heldigvis var det nokre som fann vegen til Lerbrekk. Ja, faktisk kom det

nokre heilt frå Lista. Etter kvart som me prata med dei kom det fram at det var mor og systre til Klara Pil. Dei hadde teke det som ein fin tur og køyrt ytre vegen om Åna Sira. Så det var vel ikkje så rart at dei kom den lange vegen. Det kunne absolutt vore fleire som fant vegen til Lerbrekk. Me likar når det er travelt og trongt om plassen. Nokre klaga på kunngjeringa. Ikkje alle er aktive på nettet. Og så skjer det mykje rundt om. Orremessa er same helga, men det har det vore kvart år. - Dette er jo den kjekkaste utstillinga me har. Heile atmosfæren er så koseleg, og Vennelaget gjer ein fantastisk jobb, seier Klara Pil. -Så eg trur faktisk me må i tenkeboksen.

Det er dumt dersom det blir slutt på denne Kunst & Kult helga som etter kvart har blitt ein tradisjon. Kanskje me skal gje det ein sjanse til?

Takk til dykk som var med på kjøkken, parkeringsvakt og andre praktiske ting. Og ikkje minst til vaskegjengen som ryddar vekk og ryddar på plass att både før og etter utstillinga. De er gode.

Brit Obrestad



NYTT FRÅ MISJONSHUSET

Hausten er for lengst komen, og det er mørkt og kaldt og ofte vått ute. Men på misjonshuset foregår det som vanleg mykje. Når dette vart skrive er det NMS si møteveke som vert avslutta med den tradisjonsrike allehelgenfesten.

No nærmer det seg slutt på byggeperioden,- det nye lageret vert teken i bruk og dei nye grupperoma i andre etasje utanfor ungdomssalen er klar til å bli tatt i bruk. Før var det eit kontor og eitt styrerom og eitt bønerom. No vert det i tillegg til bønerommet tre grupperom. Innafor det største vert det eit lite kontor. Og tilgang til heis og nye toaletter vil gjere det greit for brukarar.

I desember vert det som vanleg ei «me synger jula inn» samling 14. desember. Og «Vi over 60» vil invitera til eldremiddag 4. søndag i advent, 21. desember. Og som vanleg vil ungdomslaget ha annendagsfest og merkera overgang til nytt år med fest nyttårsaften og rakettoppskyting .

Det var ein fin oppleving å ha konsert med Morten Samuelsen. Neste store konsert vert 10. desember med Sveinung Hølmebakk.

Julemessene er fast på programmet om hausten og

dei gir godt økonomisk utkome for misjonssambandet og misjonsselskapet og Normisjon. Men messene er historie blitt når du les dette bladet.

Alpha-kurs og konfirmantar på misjonshuset var godt beskrevet i siste nummer av misjonshusbladet som vart delt ut i starten av november.

Sjå elles program på oppslag og i annonsar og følg med på internettsida til Misjonshuset, www.varhaug-misjonshus.no, der ein kan finne program og planlagde ting framover.

Ver merksam på kontortida på misjonshuset som er måndagar og torsdagar kl 2000-2100, og telefon er 51430808. Det er berre 1 time og ikkje ope i juli. Dei som har vakt vil viderekopla teleonnummeret til deira egne mobiltelefonar.

Hugs at ein kan tinga rom ved bruk av internett: https://www.varhaug-misjonshus.no/?page_id=752 E-post kan sendast til post@varhaug-misjonshus.no

Gateadressa er Ånestadvegen 21, postadresse er boks 103, 4368 Varhaug

Velkomen til Misjonshuset. *Med helsing, Per-Arvid*

VARHAUG SENIORDANS HAR FEIRA 25ÅRSJUBILEUM

I Varhaug Seniordans har me nå dansa i 25 år så då var det tid for Jubileumsfest. Me hadde festen på Kvalbein Gard med koldtbord, kake og kaffi. Ordførar Andreas Bjorland deltok med tale og han ga Kirsten Irene Nord-Varhaug, leiaren i laget, blommar. Agnes Varhaug og Sølvi Elin spela til songane me song. Me hadde og seniordans, og den vart leia av Guri Rosland. Det vart ein triveleg kveld med god mat, godt drøs og ikkje minst, god dans.

Varhaug Seniordans vart stifta i år 2000 av Berit Kristine Bø og Gerd Marie Bjorheim, og etter ei tid overtok Kirsten Irene Nord-Varhaug roret. Ho leia det heile åleine heilt fram til august 2023, då valde me styre og melde oss inn i Brønnøysundregisteret.

Med i styret er for tida Kirsten Irene Nord-Varhaug-leiar, Jorid Pauline Dorga

Jeremiassen - nestleiar, Gunnvor Lode - sekretær, Gjertrud Edith Hobberstad - kasserar, Torunn Haldis Berge og Jan Jeremiassen - styremedlemmar.

Guri Rosland har ansvaret for dansen, som er kvar

tysdag frå kl 10:00 - 12:00 i Løeståva/Lensmannsløa.

Ca 16 - 20 personar deltek på dansen kvar gong. Me dansar seniordans og linedans i ca 1 1/2 time og har kaffi og drøs den siste halve timen fram til kl 12:00.

Me ynskjer alle som vil koma og prøva og sjå, om det kan vera noko for dei; hjarteleg velkomne. De treng ikkje å vera par. Me har det kjempegilt og det er trim for både hjerne og kropp. Oppigjennom åra har det og vorte fleire turar, både åleine og saman med Vigrestad Seniordans. Me har og fleire gonger tidlegare hatt oppvisning på Varhaugmarken.

Varhaug Seniordans høyrer inn under Seniordans Norge Region Rogaland Sør som igjen høyrer inn under Seniordans Norge, som er landsdekkande.

«En ring av gull - en riktig stor med plass til alle hender. Der ingen er størst, der ingen er minst, der ingen er først der ingen er sist. Vi holder fast så alle kjenner at ringen er smidd av gode venner».

Helsing Styret i Varhaug Seniordans.



HÅ KARATEKLUBB
MED RESPEKT & STYRKE

STERK INNSATS FRA HÅ KARATEKLUBB UNDER SHOBU IPPON CUP VEST 2025

LURAHALLEN: Søndag 26. oktober deltok Hå Karateklubb med fem utøvere under Shobu Ippon Cup i Lurahallen. Turneringen samlet rundt 100 deltakere fra klubber over hele Vestlandet, og Hå-utøverne leverte imponerende resultater.

Ask Grov Haugsgjerd tok gull i kata for klassen 11–13 år (6.–4. kyu) og sikret seg i tillegg bronse i kumite i samme klasse.

Ørjan Levang Lozano tok gull i kata for klassen 11–13 år (8.–7. kyu) og bronse i kumite 11–13 år (8.–7. kyu).

Elisabeth Hølland stilte sterkt i Kata og kumite 14–16 år 8.kyu–5.kyu

To av klubbens yngste, **Olav Søyland** og **Vuk Bruculj**, deltok i kata og kumite for barn 7–10 år (7. kyu). For de yngste utøverne er fokuset på mestring og glede viktig, og alle får prøve seg like mye i begge grener med to kamper i hver.

Shobu Ippon Cup arrangeres av Norges Kampsportforbund, med Lura Karateklubb - Seishin Dojo som teknisk arrangør.



Her er blide og fornøyde utøvere og trener fra Hå Karateklubb fra venstre: Ørjan Levang Lozano, Vuk Braculj, Olav Søyland, Ask Grov Haugsgjerd og Elisabeth Hølland. Bak: Eirik Høyland, Trener


Helgen startet også sosialt for klubben: Fredag 24. oktober samlet 15 medlemmer seg til filmkveld med filmen Karate Kid - Legends. Det ble en kjekk kveld med mye latter og god stemning - og deltakerne var enige om at dette må gjentas!



Her en blid Karategjeng som møttes på filmkveld fredag 26 oktober.

Nå ser klubben frem mot graderingen i november, og gleder seg til å bygge videre på den gode innsatsen både på og utenfor matta.

Merete Grov Haugsgjerd, Styremedlem Hå Karateklubb



**HERREDSVELA
TRANSPORT**
TLF: 900 75 500
Vi løser det meste innen kranbil
jorgen@herredsvela-transport.no

**HELLA
MASKIN AS**

**Varhaug
Park & Hage**
Dublandsv. 35A, 4360 Varhaug
Tlf. 51 43 59 00 - www.vph.no
E-post: post@vph.no

SJAKK FOR ALLE

Jæren sjakkklubb held til på Bryne VGS og spiller på onsdagar. Vi spiller i personal-kantina i første etasje i A-bygget, frå kl 1800 til bortimot 2200. Det er lagt opp til at vi har en times opplæring for nye fra kl 1800-1900.

Årskontingent er kr 750 for voksen over 20 år, kr 350 for juniorer og 200 for yngre sjakkspelarar opp til 14 år. Då vert ein medlem i Jæren sjakkklubb og Norges Sjakkforbund og kan delta i sjakkturneringer overalt. (halv kontingent for dei som vert medlem på hausten)

I haust er me i gong med langsjakktturnering over 5 kveldar, Da er det 90 minutt for heile partiet pluss 30 sekund per trekk. Så eit parti kan ta lang tid. Likevel er det nokre (som underteikna) som bruker for mykje tid og tapar partiet for klokka går alt for fort.

Me har lagt opp til to kveldar med hurtigsjakk som vert FIDE-rata (12/11 og 26/11) Hurtigsjakk er 10 eller 15 minutt på partiet pluss 5 eller 10 sekund per trekk.

Og siste gong før jul er det lynsjakk som vert rata. Då er det antakeleg 12 parti på kvelden med 3 minutt på partiet pluss 2 sekund per trekk.

I starten av nyåret (2-4/1-2026) er det mange som skal til Haugesund og vera med på opne NM i lynsjakk og hurtigsjakk.

Tredje helga i januar (16-18/1-2026) skal Jæren sjakkklubb vere vertskap og arrangør av Vestlandsserien i sjakk. Då er det lagturnering med 5 spelarar på laget i 1. divisjon og 4 i 2. divisjon. Vestlandsmeisterskapen speles over 5 rundar langsjakk, starter med eitt parti fredag og to på laurdag og søndag. Og me har fått løfte om å spele på Bryne vgs.

Velkommen til klubben. Klubben har egen internettside: <https://www.Jaerensjakk.no>

Og klubben har facebookside «Jæren Sjakkklubb».

(sjå <https://www.facebook.com/jaerensk/>)

Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid Sjå elles informasjon om sjakk (med terminliste) på <http://rogsjakk.rogaland-sjakk.org/>

Med sjakk-helsing frå Per-Arvid



Få 5 vask til prisen av 3
Gjelder på utvalgte stasjoner med Tiger Wash. Verdikupongene er kun gyldig med kvittering, stempel og signatur fra betjeningen. Gyldig 1 år fra kjøpsdato.

PLATINUM 5 FOR 3
FÅ 5 VASK TIL PRISEN AV 3

Esso **Varhaug Servicenter A/S**
Tlf. 51 43 02 33 • 4360 VARHAUG

VI HAR GODKJENT BILVERKSTED

HÅ LEVEL UP

Det skjer mykje positivt i kommunen for tida, og eit av desse tiltaka er **Hå Level Up**.

For dei som ikkje veit kva dette er, så er det ei yrkesmesse for ungdomsskuleelevar og vidaregåande-elevar. Det var med stor spenning at det for første gong blei arrangert ei slik yrkesmesse i Hå - og resultatet var over all forventning.

50 lokale bedrifter frå Hå, inkludert Hå kommune, stilte opp med stand der dei presenterte verksemdene sine og viste fram kva karrieremoglegheiter som finst i dei ulike selskapa. Her hadde bedriftene lagt ned mykje arbeid i å illustrere fagområda sine på ein god og inspirerende måte.

Tilbakemeldingane frå bedriftene var at elevane var interesserte og tok initiativ til samtale på dei ulike standane. Allereie under sjølve arrangementet var det mange som sa at dette må vi gjera kvart år. Det

blei òg løfta fram kor viktig det er at bedriftene i Hå får møtast på ein så god måte.

For ungdomane som deltok på messa, var tilbake-meldingane òg svært gode. Mange synest det er vanskeleg å velja rett retning for utdanning og yrkes-val, og då er det nyttig å få innsikt i kva moglegheiter som finst lokalt.

Bakgrunnen for messa er eit godt samarbeid mellom Hå kommune og næringsforeiningane i Hå. Rekruttering av kvalifisert personell er ei utfordring i alle bransjar, og at vi i fellesskap kan rettleia og inspirera dei 1500 elevane som deltok desse to dagane, er eit viktig arbeid for å rusta framtidens arbeidskraft.

Eg vil òg takka komiteen og Varhaug Idrettslag for den gode tilrettelegginga og gjennomføringa av sjølve arrangementet.

Andreas Bjorland

Hå Level Up. En fantastisk arena for ungdommen til å se hva Hå har å tilby av yrkesgrupper. Dette ble et kjempe arrangement for hele Hå. Med 50 bedrifter fordelt på 300 personer på stand og over 1500 elever på 2 hektiske dager.

Dette ble arrangert av Varhaug Bedriftsforening, Nærbø Næringsforening, Vigrestad Næringsforening, Søre Hå og Hå Kommune.

Her ser vi virkelig hva vi kan få til om hele Kommunen samarbeider!

Til og med gratis mat fra R. Skretting ble servert til både utstillere og elevene. (Selvfølgelig farse)

Takk for enestående innsats av hele komite'en både med rigg og ikke minst servering av mat til ca 2200 personer på 2 dager. Dette er komt for å bli og vi gleder oss allerede til neste år samme tid. Håper vi kan være med å bidra til et enklere valg for ungdommen i Hå og at bedriftene får tak i mye god arbeidskraft!

Reidar Skretting



Bygg AS
Bygg fremtiden med oss!
Drømmer du om læreplass? Kontakt oss!
Ernst Morten Tuen
+47 400 20 694



Jærmester
BYGGER MED KOMPETANSE
www.jermester.no



BLI MEDLEM
• Gratis kroppsanalyse når du møtter deg inn for 12 måneder (100% aldersrettet).
• Tilbud på Pulsen start time.
• God kompetanse innen trening og kosthold.
• Skulle ønske og tilgang til å trenge skole og det passer for deg!
• Direkt utvalg av varierte program og gode utstyr sentral for eggesetting.
• Åpent 14/7 med vekstbrett.
• Funktionell Fitness (CrossFit).
Pulsen **VARHAUG**
@varhaugpulsen_ift @varhaugpulsen_trainingcenter

HAUSTFEST I SVALA 4H

Flinke ungdomar leia oss gjennom haustfesten nyleg. Me fekk sjå fine bilde frå arrangement gjennom året, og heldigvis sat eg så langt framme, at eg fekk med meg det meste. Synd at bilda ikkje kan synast på stor skjerm.

Det var mange utanom dei 4 plakettvinnarane som hadde løyst ei oppgåve gjennom året. Og utstillinga syne eit stort mangfald av aktivitetar. Skal sei at dei

har mykje å velja i. Her var løyst oppgåver frå brodering til droneflyging!

Eg har gjennom åra vore på ei mengd årsestar, og eg vert meir og meir imponert over alle dei ymse oppgåvene som vert løyst gjennom året, og ikkje minst kor flinke dei unge er til å ta leinga. Liv





Velkommen til Julegrantenning på Varhaug

Fredag 28. November
KL. 17:30
ved rådhuset

Det blir gang rundt treet og nissen kommer på besøk



Søndag 14. Desember kl. 17:00

Vi synger jula inn

Varhaug Misjonshus



For heile familien, alle er veldig velkomne!

Minikoret, Lovsangs team, allsang og juleevangeliet





MARTINE ANFINNSEN HUGHES BLE SVENSK MESTER I MOTOCROSS

Stemningen var elektrisk da Martine Hughes krysset målstreken etter første heat og hadde mesterskapet i lomma. Teamet, sponsorer og familie stod klare i målområdet for å feire seieren. På en krevende, gjørmete bane leverte hun to strålende heat og vant begge med klar margin. Dermed kunne Hughes juble for en velfortjent sammenlagtseier i mesterskapet. Fantastisk slutt på sesongen, som Svensk Mester og endå bedre med pallplass i VM i Tyrkia. Eg flytter til Bærum i november nå i år for å kjøre med NTG, som er Norges motocross gymnas i Bærum. Leiekontrakten der er foreløpig på 1 år, så får eg sjå itte dæ kæ eg gjere videre. Eg kommer til å kjøre same mesterskapå neste år som i år, Svenska og VM.



GULL I NM FOR LAG

Laget som vant Gull i NM for lag, Norsk motocross på Skaun motorsenter i Trondheim. Det er Oscar Aniksdal frå høyre på bildet, Oliver Reistad, Varhaug og Alfred Sjøstrøm fra Stord som kjørte for lag Elgane.

P.S. Martine Hughes kom på 3. plass i VM i Tyrkia.

SISTE LØP I MOTOCROSS DETTE ÅRET FOR OLIVER REIESTAD

Sesongen ble avsluttet med Endurance - løpet på Karmøy og klubbøpet på Bybergsanden. Der kjørte Oliver inn til 1. plass, både i Endurance og klubb løpet på Bybergsanden, som gikk over to dager. Dette var også hans siste løp på 85cc. Neste år skal han kjøre 125cc

O.R.

5-ÅRINGAR EKSTRA VELKOMNE MAMILLA BRUKTBUTIKK VARHAUG FYLLER FEM ÅR

Alle som er fødte i 2020 er ekstra velkomne til Mamilla bruktbbutikk Varhaug fredag 05. og lørdag 06. desember. Då får dei kvar si valfrie bok. Og hvis me får lov å notera namn på barnet, ein av foreldra og eit telefonnummer, er dei med i ei trekning om eit gavekort frå butikken på kr 500,-.

For året 2020 var viktig for oss. På tross av at me var midt i pandemien lykkast det å opna Mamilla bruktbbutikk i Stueland-bygget. Me ser på det som eit aldri så lite kvardagsmirakel at det let seg gjera, slik tidene var då. Det er Den Norske Israelsmisjon som eig og driv butikken. Borgny Ånestad Skretting er dagleg leiar. Butikken er samlokalisert med Israelsmisjonen sitt kontor for Rogaland, der Kjetil Morken er leiar.

Opningsdagen var 21. november 2020, men feiringa vert litt inn i advent i år. Utanom å gjera stas på alle 5-åringar satsar me på gode tilbod, grautservering, kaffe, lappar, taffelmusikk etc.

Det er ein ivrig stab av frivillige som driv butikken, både frå Sirevåg, Brusand, Vigrestad, Varhaug, Nærbø, Sele, Lye, Bryne og Randaberg. Men det er plass og behov for fleire. Ta kontakt om du vil verta medarbeidar!

Mamilla bruktbbutikk er for meir enn Varhaug-bygda. Kundane kjem frå store deler av fylket. Ofte gjev dei oss ros for at me har mykje fint for sal, og at varene er utstilte på ein kunstnerisk måte. Me håper også at kundane opplever at det er god service, og at det er triveleg å koma innom. Butikken held ope alle kvardagar frå kl 1100. Det gjeld også kvardagar i den stille veka og i romjula. Langope til 1800 på torsdagar. Alle som arbeider i Mamilla, gjer dette på dugnad. Heile nettoen går til Israelsmisjonen sitt arbeid..

Paul Odland

JULEMARKED HOS BUNADHJELPEN

6. desember skjer det noko heilt nytt på Varhaug. Då arrangerer nemleg Veronika Mæland i Bunadhjelpen, saman med lokale krefter, Julemarked i stasjonsbygget, der ho heldt til.

Her vert det gløgg og kaffi og litt å bita i.

Men, det vert også så mykje meir:

Siren Syr	-	Vil selja flotte vesker
Surdeigsbrakka frå Nærbø v/Julia Voll	-	Surdeigsbrød
Bunadhjelpen	-	Diverse ting til bunaden
Ingrid Mæland	-	Dørkransar, juledekorasjonar
Turid Håland	-	Strikke-ting
Kjell Flåten og Ernst Mæland	-	Trearbeid
Henriette Strandos	-	Litt av kvart, men ikkje yoga!

I tillegg vert det litt aktivitetar for ungane.

Julemarkedet er åpent lørdag 6. desember kl. 11.00 - 17.00

OBS.OBS. Nå er inngangen til Bunadhjelpen på vestsida av bygget, og dermed mindre farleg for ungane.

Alle velkomne - Helsing Veronika i Bunadhjelpen



VARHAUG BONDELAG 100+5 ÅR



Varhaug bondelag hadde planlagt 100 årsjubileum i 2020. Alt var planlagt og stelt i stand med Olav R. Husvegg i spissen. Desverre ble den avlyst som så mye annet pga korona. 17 oktober 2025, fekk me endelig feira 100+5 års jubileumet.

Det var omlag 100 festkledde samla i gamlesalen på iden. Sjur Håland innleia festen med eit fantastisk kåseri som mange kjente seg igjen i. Det var god festmiddag fra Jette på kafe jærbuen. Nydelige oppsatsar frå blomsteren på Varhaug. Mange jille helsingar og god musikk fra dag og stasjonsongane.

Eit vellykka arrangement på alle vis.

Me vil takka alle som hjelte til med arrangementet og ikkje minst alle som kom og gjorde til en kjekk kveld i lag.

Styret 2025/2026

Leder	Trond Skretting
Nestleder	Runar Odland
Kasserer	Arild Helland
Sekretær	Grethe Marie Ånestad
Styremedlem	Gaute Ødemotland
1. vara	Anita Otto
2. vara	Oskar Ånestad



DET SKJER PÅ LERBREKK

SUNDAGSKAFÉ

Me har hatt sundagskafé i september, oktober og november. Den i september samla mykje folk. I oktober var det labert. Andre november var det mange som fant vegen til Lerbrekk att, så det var gildt. Dag og Onar Paul var vertskap, og dei gjorde ein framifrå jobb. Gildt at ungdommen og er med oss. Me treng litt nye krefter ettersom dei fleste som stiller opp blir eldre. Me gjer så godt med kan alle.

Når det gjelde 2026 så har me ikkje heilt bestemt det endå. Så du får fylgje med i Jærbladet «Kva skjer» og på fjesboka.



JULETREFEST

Sundag den 28. desember kl. 17.00 vert det juletrefest på Lerbrekk.

Andakt, gang rundt treet og servering. Musikk av Agnes. Inngangspengar.

Alle er velkomne, både store og små, unge og eldre.



BASAREN TIL BYGDEKVINNELAGET



Denne har i alle år vore siste torsdag i august, slik også i år. På vegne av styret, og meg sjølv, vil me her seia takk for alle dei fine gevinstante me får til basaren.. Ein del medlemar kjem framleis med gevinst, slik me gjorde før, men dei fleste kjem frå bedrifter og butikkar. Mange takk, dette set me utrueleg stor pris på. Siste gevinst på basaren, eller hovudgevinsten, har dei siste åra vore eit gavekort laget har kjøpt hos Skrettingen.

Som vanleg er det mange gavekort, både med mat og anna. I år hadde styret laga til eit litt spesielt gavekort; «1 times utflukt med Astrid og Judit». Dette vart eg, til mykje smil og latter frå dei involverte, den heldige vinnaren av.

Og ein onsdag vart eg henta av Astrid og Judith. Me kjørte først til Fiskerfruen og hadde fiske-suppe og så til Roxman for kaffe/kake. En spesiell og gild dag saman med to av dei kreative i styret for bygdekvinnelaget, og me var «på tur» mykje, mykje meir enn ein time. Utruleg alt dei kan koma på! Eg trur dette er den morosamaste gevinsten eg nokon gong har fått. Liv



Styre i Bygdekvinnelaget

1. rekke Astrid Skretting, Åse Sleire, Bjørg Judit H Åmodt
2. rekke Siri Skretting, Marit Hafver, Juliann Årdal Nesvik

VARHAUG BYGDEUNGDOMSLAG PÅ HAUSTKURS



Tommel opp 15 gjelder

Helga 12.-14. september var styret i Varhaug BU på RBU sitt Haustkurs for å lære om dei forskjellige styreverva.

Kurset fant stad på nydelege Byrkjedalstunet der me fekk støypt lys, blitt kjent med dei andre tillitsvalde i fylket, og lært masse om styreverv.

Etter travelt kursprogram med ein avbrekk for å besøke ein lokal gard, lære litt swing og leike boksen av, pynta me oss og gjekk til bords i Gloppehallen for ein kjempekjekk bankett!

Konferansier var Sondre Malmin som med humor leia festen gjennom talar, 3-retters middag, auksjon til støtte for NBU's prosjekt i Malawi og ein god polonese heilt til slutt.

Damenes tale blei haldt av Oddbjørn Slettebø frå Bjerkreim BU, medan Helle Skretting frå Varhaug BU haldt herrenes tale.



Sondre og Truls

Prosjektet «Bønder støtter bønder» er eit av NBU's største prosjekt og det blir kvart år samla inn pengar på forskjellige arrangement som går direkte til Malawi slik at bønder får kurs, såkorn, utstyr m.m.

I 2024-25 blei det for første gong avhaldt konkurranse mellom fylkeslaga i NBU om kven som kunne samla mest pengar. Rogaland BU gjekk i juli av med tittelen som størst bidragar, og satsar hardt på å halda på den til neste år. Derfor blei det arrangert auksjon under banketten der ein kunne kjøpe ein swingdans med ein av fire flotte BUarar, deriblant leiar i RBU, konferansieren og bygdepolitisk nestleiar i NBU. Til saman blei det samla inn heile 23 000kr til støtte for bønder i Malawi.

Me takkar RBU for ei flott helg!



Polonese Sofie



VBU styret



VENNELAGET FOR LENSMANNSGARDEN LUNSTREFF I LØÅ - MED Plass TIL FLEIRE!!

- Uformelle treff
- Kvar 2. og 4. onsdag i månaden frå september til april, frå kl 12.00. Men ingen lunsjtreff i desember.
- Mat av beste sort laga av frivillige som vil vera med å skapa eit godt miljø i bygda
- Måltid for 75 kroner
- Hyggeleg drøs (laust og fast)
- Har vore arrangert i 10 år

Det plar koma 25 - 35 personar på lunsjtreffa, men med solid kjøkkengjeng, som deler på oppgåva, har me kapasitet til meir.

Datoar i første halvår 2026:

14.1, 28.1, 11.2, 25.2, 11.3, 25.3, 10.4, 22/4

Formålet med treffa er å spleisa bygdafolket saman rundt eit godt måltid mat. Me ønskjer at alle som kjem skal trivast og ha lyst til å koma igjen.

For nokre kan det vera ei utfordring å koma åleine eller for første gong. Her er ingen faste plasser og berre hyggelege folk. Me har óg eit vertskap som legg vinn på å ta godt imot alle som kjem.

Ønskjer du beskjed på SMS (gratis) eit par dagar før kvart treff, send sms med namn/ tlf.nr. til Odd på 911 62 407.



Kom og prøv deg på enkle hobbyaktivitetar.



Lagedag på Varhaug

Kl. 15.00-17.30

Onsdag:
5. november
12. november
3. desember
10. desember



STORM PÅ JÆREN

«Hauststormen AMY» herja på Jæren, kunne me lesa i Jærbladet i starten av oktober.

Trur ikkje akkurat stormen gjorde så veldig stor skade, då var det verre med alt regnet som kom. Det var flaum både her og der, og mange fortvila huseigarar fekk vatn i kjellaren. Me bur i grunnen på ein god plass, der me slepp unna ras o.l. slik folk er plaga med andre stader i landet og verda elles.

Men eg registrerte i alle fall ein skade, like i nærleiken. Gjerdet rundt barnehagen nedi vegen her, bukka under for stormen. Men her var vaktmeistaren raskt på plass, og det kom på plass eit byggegjerde. Så får me berre sjå kva som vert sett opp igjen mot Bue-vegen. Vert eit tre-gjerde slik som før, eller noko anna?

Liv

I ÅR OG VERT DET MUSIKK OG SONG PÅ PUBEN I DESEMBER

Heimalagt og julesang v/ Jan Erik Westen og Ove Byberg. Det vert og øl/akevitt smaking v/Berntsen.

- | | |
|---------------------|------------------------------|
| 1. juledag | Evj og Jan |
| 2. juledag | Den store Julequisen |
| 30. desember | General Forsamling m/support |



BETONGARBEID - TREARBEID
Møllevn. 12, 4360 Varhaug • 51 79 85 79



Rilling av spaltegub. Graving og drenering. Senking av kjeller. Utveiling av fjor.
Egil Halund 416 99 617 www.Toppaland.no toppaland@gmail.com



FORFATTERBESØK

AV SVANHILD OLIANNA NESSA PÅ VARHAUG BIBLIOTEK

Vil du veta kvifor Nils reiste frå Nessa til Amerika, og korleis det gjekk med Margrete som sat igjen med seks barn, tre barnegraver og gard? Ja, då kan du bestilla boka på biblioteket.

Svanhild Olianna Nessa var i oktober på besøk på Varhaug bibliotek der ho presenterte boka si Det fargerike åkledet. Dette er ein historisk roman frå Nessa utanfor Stavanger.



Vi er i 1850, Nils og Margrete har mista tre barn. Margrete gret, medan Nils sørgjer og grubler. Nils bestemmer seg for å reise til Amerika, mot familien sin vilje. Korleis går det med Nils der, og ikkje minst korleis klarer Margrete seg heime? Alt dette og mykje meir kan du lese om i boka som er skriven på eit godt nynorsk språk.

En alliansebank i eika.



Vi sponser, støtter og heier

Gode lokalsamfunn trenger idrettslag, idrettshaller, korps, bondekvinner, ungdomsklubber, bedehus og andre miljøbyggere. Jæren Sparebank heier på frivilligheten.

Telefon 915 03 290
www.jaerensparebank.no



MÅLPRISEN FOR 2025 GÅR TIL VIND I GARHOL

Målprisen for 2025 går til Vind i Garhol for framifrå språkleg forståing og musikalsk bruk av dialekt!

Hå Mållag har ein tradisjonen med å dela ut ein målpris kvart år til gode nynorsk- eller dialekt-brukarar. I Hå er det mange som er flinke til å bruka målet sitt aktivt og levande og det var derfor fleire gode kandidatar som vart vurdert.

Styret var likevel ikkje i tvil og har samrøystes tildelt prisen for 2025 til musikkgruppa Vind i Garhol!

Vind i Garhol er eit uttrykk som er så roekte og ur-jærsk at ein må helst ha vore jærbu i fleire generasjonar for å forstå djupna i det. Når ei musikkgruppe så vel å nytta dette uttrykket som namn på gruppa si, så seier det mykje om lokal identitet og ærefrykt for røtene sine.

Når denne gruppa så leverer strålande vakker og ur-jærsk musikk gjennom etter kvart mange tiår og stadig leverer utselde konsertar, så er det eit uttrykk for at jærbuen rett og slett elsker denne gruppa.

Språkleg er dette ei bragd og dei er blitt eit førebilete for mange andre artistar og grupper, langt utanfor Jæren. Og det at jærbuen «putla og græve» er blitt noko som me er stolte av og er eit strålande eksempel på positiv dialektbruk seier Leiaren i Hå Mållag Arne Reidar Hæåk.

Prisen er eit diplom og ein gåvesjekk på kr. 5.000 med støtte frå Sparebanken Vest og vert delt ut på arrangementet «Språk- og Kulturkveld» på Nærbø Bibliotek tysdag 18 november kl. 19.00.

Jon Arne Silgjerd

FÅR ARBEIDSTRENING HOS STASJONS PIZZA

Hadde eit ærend innom Karvan ein dag, og der møtte eg to blide jenter; Dei var firmenningane Thelma Lode og Matilde Lee Lode.

Og her er det igjen viktig med familien. Det er så mange - helst litt eldre - som alltid kjem med spørsmål om kven det er som er på bilda. Så dei eg snakkar med, må alltid seia kven foreldra eller besteforeldra er.

Og her kjem svaret: Reidar er bestefar til Matilde og Thea på Nord-Varhaug er oldemora til Thelma.

Jentene fortel at dei måtte sjølv finna seg ein «arbeidsplass», og dei fekk napp hos Karvan på Stasjons Pizza, der dei arbeidar to timar kvar torsdag. Dei seier sjølv at dei gjer omtrent alt, utan det å laga mat. Dei



trivs godt på jobben, og det forstår eg godt, når dei som avslutning på dagen, vert servert ein rykande varm pizza.

Karvan seier han er vel nøgd med jentene. Dei kjem til rett tid, og er effektive den tida dei er hos han.

Flott opplegg på ungdomsskulen. Her får elevane teori på skulen og praksis i arbeidslivet ute. Liv

ENDRE SKRETTLINGLAND HAR STARTA SOM LÆRLING PÅ ESSO



Endre, som snart vert 18 år, har gått vidaregående på linja Arbeidsmaskiner på Øksnevad. Nå har han starta som lærling på Esso, der han etter ei læretid på 2 år, kan ta fagbrev som bilmekaniker. Endre seier han trivs godt saman med dei andre på Esso, og gleder seg til samarbeidet vidare. Og viss nokon lure på kven han er? - Ja, så er det sonen til Loyd (og barnebarnet til Mons).

Det er viktig med reine bilvindaugo nå i haustmørket. Og eg hadde sett at bilen min burde få ny «vindusvasker». Den dagen eg var innom Esso, fekk eg hjelp av Dennis Ueland, 17 år, som var utplassert frå Dalane vid. skule, linja for Køyretøy. Og han gjorde ein god jobb. På ein to tre, var den gamle fjerna, og eg fekk ein ny. Den litle dingsen som må til for at rutene skal halda seg reine, kosta jo ein del. Men skal ein ha bil, må ein rekna med utlegg. Enten det gjeld dekk eller anna, så er det viktig at alt er i orden.

Dennis tykte det var veldig gildt å verta utplassert på Esso. Kanskje han håper på ein læreplass der i framtida?

Sjefen sjølv, Helge Skretting var vel nøgd med både den utplasserte og lærlingen, og sa: «Nå har me Nord-Varhaug, Skrettingland, Skretting og Ueland her. Meir Varhaugs går det vel ikkje an å verta?».

(Og viss nokon lurar, så er den utplasserte sonen til Kurt og barnebarnet til Malvin). Liv

STOFF-FRIST

Stoff frist for neste blad er

13. februar 2026

Dette kan enten sendast direkte til: livhob@online.no eller legga det i postkassa til Liv.

**Varhaug
bygdekvinnelag
er 90 år,**


og dette vil laget markera torsdag 27. november. Då er medlemmane inviterte til middag i Lensmannsløa og med eit program som høyrer ein jublant til. Liv



BLACK WEEK - 24. nov. t.o.m. 30. nov.

PIZZATILBUD
STOR PIZZA
+ 1,5 BRUS
199,-

Gjelder ikke utkjøring



Ring oss

4000 56 11



**Bonde
Kompaniet**

Varhaug



2 for
329,-

Meiseboller

Bøtte med 60 stk uten plastnetting. Inneholder fettrike frø og korn.



329,-
(399,-)

Gummistøvler

Vanntette og isolerende, med mykt fôr på innsiden og kraftig mønstret såle for godt grep. Til barn.



1699,-
(1999,-)

Varmedress

Vanntett, pustende og fleksibel med seler, hette, belte og refleks. Finnes i damemodell og herremodell. Vannsøyle på 20 000 mm.



Regulert Agitor - siden 1888

Forbehold om trykkfeil og utsolgt.

Velkommen til BondeKompaniet Varhaug!
Man-Fre: 08:00-17:00, Lør: 09:00-14:00

bondekompaniet.no